

	PROSEDYRE FOR Å SIKRE VASSFØRINGA I BØFJORDVASSDRAGET				Side 1 av 2
IDA-nr:	13012839	Enhet:	Eviny Fornybar	Dato:	15.11.2022
Utarbeidet av:	Turid Vik / Per Vidar Halsnes	Godkjent av:	John Håkon Andersen	Tilgang:	Åpen

1. Formål og omfang

Formålet med prosedyren er å sikre at lågvassføringa nedanfor kraftstasjonane i Bøfjordvassdraget ikkje vert forminska til skade for andre rettigheter. Sjå evt. kartvedlegg i slutten av dokumentet som viser plassering av anlegga.

2. Manøvreringsreglement

2.1. Manøvreringsreglement for Nordstrandsvatnet fastsett 28.02.2014 [1]

Naturlig vasstand (kote): 239,90
 Reguleringsgrenser (kote): HRV = 239,40 LRV = 227,40 (reguleringshøgde 12 meter)
 «Sommarvasstand»: Etter 15. april skal alt tilsig brukast til oppfylling av magasinet til minimum kote 235,9. Vasstanden skal ikkje senkast under kote 235,9 før 1. september (maks. 3,5 meter senking).

2.2. Manøvreringsreglement for Espelandsvatnet fastsett 22.11.1963 [2]

Naturlig vasstand (kote): 86,5
 Reguleringsgrenser (kote): HRV = 86,5 LRV = 76,5 (reguleringshøgde 10 meter)
 «Sommarvasstand»: I tida 1.mai – 1.oktober skal vasstanden dersom mogeleg haldast over kote 84,5 (maks. 2 meter senking). Planlagt vasstandsending i magasinet skal vere maks. 50 cm pr. døgn.
 Lågvassføringane nedanfor kraftstasjonane må ikkje forminskast til skade for andre sine rettar. Elles kan tapping gjerast etter behov. *)

*) Eviny forstår det slik at dette kravet gjeld nedstraums øvre stasjon til Espelandsvatnet, og frå nedre stasjon til fjorden (sjå punkt 2 og 4 under).

3. Oppfølging og gjennomføring

1. Mellom Nordstrandsvatnet og Bogsvatnet (oppstrøms Øvre Svultingen kraftstasjon) er det ikkje pålagt krav om minstevassføring, jamfør brev frå OED 06.03.2014 [3]
2. Mellom Bogsvatnet (nedstrøms Øvre Svultingen kraftstasjon) og Espelandsvatnet (inntaksmagasinet for Nedre Svultingen kraftstasjon) vil restfeltet på 14 km² (vassdragsnummer 080.4D7 og 080.4) vanlegvis gje tilstrekkeleg lågvassføringa på elvestrekninga sjølv om Øvre Svultingen kraftstasjon er stoppa. Ved «ekstrem tørke» der stasjonen også er stoppa, og elvestrekningen ikkje har tilstrekkeleg vassføring til beitedyr, jordbruksvatning eller for brønnar langs elva, kan det tappast vatn frå ventil på røyrkata og til Bogsvatnet. Vi har tappemuligheit her.
3. Mellom Espelandsvatnet og Staurdalsvatnet (Nedre Svultingen kraftstasjon) er det ikkje pålagt krav om minstevassføring og der er ikkje mogeleg å tappe til elvestrekningen frå Espelandsvatnet som er eit senkingsmagasin.
4. Frå Staurdalsvatnet til fjorden skal lågvassføringa sikrast i tørre periodar ved tapping frå nedre stasjon. Når kraftstasjon er stoppa, må det passast på at det er vatn i laksetrappa og kulpar ved laksetrappa i Bøelva (etter lokalt merke). Ved behov vert tappeventilen frå røyrkata opna. Dette må også kontrollerast ved utfall av kraftstasjonen.
5. Dersom Nordstrandsvatnet eller Espelandsvatnet må senkast under sommarvasstanden eller LRV for tapping som nemnt i punkt 2 og 4 over, må det søkjast NVE om særskilt løyve (søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet, jamfør Vannressursloven §8, 3. avsnitt).


	PROSEDYRE FOR Å SIKRE VASSFØRINGA I BØFJORDVASSDRAGET				Side 2 av 2
IDA-nr:	13012839	Enhet:	Eviny Fornybar	Dato:	15.11.2022
Utarbeidet av:	Turid Vik / Per Vidar Halsnes	Godkjent av:	John Håkon Andersen	Tilgang:	Åpen

Referansar

1. Manøvreringsreglement for Nordstrandsvatnet 28.02.2014 (Eviny-id: 12 536 873)
2. Manøvreringsreglement for Espelandsvatnet 22.11.1963 (Eviny-id: 12 463 453)
3. Tillatelse til erverv av fallrettigheter----. Fornyset reguleringskonsesjon for Nordstrandsvatnet og tillatelse til utvidelse av Øvre Svultingen kraftverk, OED 06.03.2014 (Eviny-id 12 575 333)

Endringslogg

Dato for endring	Hvem har endret	Hva er endret
15.11.2022	Vik/Halsnes	Dokument opprettet
30.11.2022	John Håkon Andersen	Dokumentet er godkjent
16.01.2023	Per Vidar Halsnes	Lagt inn kartvedlegg (sjå under)



Figur 1 Kartet viser Bøfjordvassdraget med Eviny sine kraftstasjonar Øvre og Nedre Svultingen. Kraftverka 1831 Espeland og 1975 Kvernfossen er private anlegg. Strekningen frå Nedre Svultingen kraftstasjon og til fjorden (blå markeringstrekk) er lakseførande strekning (anadrom).